

BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

# Bygdatreff

Velkommen til Bygdatreff på  
Kyrkjelydshuset

**onsdag 28.februar kl.11-13.**

Denne gongen vert Atle Lervåg med  
og viser bilde frå kulturvandringa på  
Hopland. Bjørg Hopland og Linda  
Syslak fortel om historia til bygda.

Det vert som vanleg enkel lunch og  
god tid til prat med naboar og kjente.

*Kyrkjebakken nr. 1 – 2024 – Januarnummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 16.februar*



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

|                               |             |
|-------------------------------|-------------|
| Stein Hugo Fykse              | 909 60 154  |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland  | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog |             |
| Jostein Hauge                 | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland     | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar                |             |
| Helge Dyrkolbotn              | 41 66 26 10 |

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

Søndag 04.feb  
kl. 12.00 Gudsteneste

Fredag 16.feb kl. 18.00  
Gudsteneste for alle

Søndag 18.feb kl. 18.00 Konsertforedrag  
ved Frode Skag Storheim

Onsdag 28.feb kl. 11.00  
Bygdatreff

Søndag 10.mars kl. 17.00  
Gudsteneste

### FRISTAR FOR KYRKJEBAKKEN

| Nytt stoff innan: | Kjem ut:   |
|-------------------|------------|
| 16.februar        | 28.februar |
| 15.mars           | 27.mars    |
| 12.april          | 24.april   |



## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

|               |         |
|---------------|---------|
| Heilside      | 1000,-  |
| Halvside      | 500,-   |
| 1/3 side      | 350,-   |
| 1 / 4 side    | 250,-   |
| Små annonser  | 150,-   |
| Takkeannonser | GRATIS! |



## Det er min bror

Diakoni er nestekjærleik i praksis. Praksis betyr eigentleg gjerning eller haldning.

Apostlane sine gjerningar heiter på gresk «prakseis apostolon».

Nestekjærleik i praksis vil seie nestekjærleik i handling, i gjerning. Ein smågut bar ein enno mindre gut oppover ei byggate. Ein mann som kom forbi sa: «Dette er ei altfor tung bør for deg, guten min.» «Dette er inga bør, det er bror min,» svara guten.

Nestekjærleik i praksis startar med vår holdning. Korleis ser vi på kvarandre? Det er min bror. Vi er søsken. Søstre og brødre under same himmel på vår felles jord med Gud til far. Vi står kvarandre så nære, at korleis du har det, det vedkjem meg, - og omvendt.

Til sjuande og sist er vi alle avhengige av kvarandre. Vi får vår

lagnad bestemt utifrå korleis vi er mot kvarandre. Du ångår meg. Eg ångår deg. Det dobbelte kjærleiksbodet – kjærleik til Gud og kjærleik til nesten uttrykker heile Guds vilje. Kjærleiken til Gud bind oss saman som søsken. Gud er vår felles far som elsker sine born.

Dei tre første boda gjeld forholdet vårt til Gud. Dei er grunnlaget for dei sju siste som gjeld forholdet til nesten vår. Korleis er det å ha meg til neste? Å ha meg til dotter, son, elev på skulen, til ven, mor, far, lærar, prest. Nestekjærleik er «å vere ein Kristus for sin neste».

Det er av Jesus vi lærer kva kjærleik er. Det er av han vi har fått i oppgave å elske kvarandre.

Eit nytt bod gjev eg dykk, de skal elska kvarandre!

*Stein hugo fykse*

# Min Salme



Mellom mange gode kandidatar har eg vald meg salmen på nr. 734: «Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd og jord og allheims rom».

Eg har alltid likt måten denne salmen omtalar livet på, både mellom oss menneske og gudsrelasjonen. Den pustar noko ekte, fritt og jordnært. Bileta som blir brukte opnar dette opp på ein veldig fin måte, synest eg, sjølv om dei kanskje er litt overraskande og nye: Guds kjærleik blir samanlikna med ei strand, med vind, gras og vidder, det uendelege.... Etter å ha budd mange år i Stavanger ser eg for meg Solastranda ein varm sommardag. I bakkant av sjølv stranda er det sanddyner som ein kan finna plass til ein piknik eller berre ein privat plass. Eg hugsar med glede dei mange søndagane vi brukte å vera der. Sanden er varm og mjuk og ein kan nyta sola i ly for vinden; gode bilete på Guds kjærleik og omsorg, synest eg. «Di ætt skal bli like tallause som sandkorna på stranda», fekk Abraham løfte om i Bibelen, «og gjennom di ætt skal alle ætter velsignast». I dette frie, romslege tilværet er det rom for draumar, dei gode draumane. Salmen er jo overraskande aktuell: ingen tom draum, men konkret: det er tale om den gode draumen for vår jord, «ei jord der tre og blomar kan slå rot». Midt i alt som møter oss no med krig og død, er det godt å få understreka kva som er Guds ynskje, for oss og for dei komande generasjonar.

Men salmen er og konkret på det mellommenneskelege. Den snakkar om at vi lagar murar mellom oss, at vi er redde for å visa våre sårbare sider til kvarandre, og at vi difor lagar usynlege murar som hindrar open kontakt, sjølv om vi lengtar etter kvarandre: vi strekker hendene mot kvarandre gjennom sprinkelverk. Faktisk blei denne salmen brukt i Øst-Tyskland i 89 like før muren i Berlin fall, nettopp pga dette biletet. Oppmodinga frå salmen er at vi søker Guds nåde og tilgjeving i staden for å lukka oss inne, bak murane. Guds tilgjeving gjev framtid og von: «den rekk så vide som din kjærleik vandrar, til folk av kvar ein rase og nasjon».

Salmen er eigentleg svensk, skrive av Anders Frostensson, og nydeleg omsett til nynorsk av Alfred Hauge, som sikkert har vandra langs jærstrendene og fått inspirasjon.

Eg synest det er noko i denne salmen som pustar i eitt med bygdatreffa vi har på kyrkjelydshuset siste onsdagen i månaden, frå 11.00 – 13.00. Der sit vi rundt borda og har god tid til den gode praten, ei motvekt til å stenga oss inne kvar for oss. Når vi samlast neste gong, siste onsdagen i januar, har eg planlagt at vi skal syngja denne salmen som avslutning. Hjarteleg velkomen til å bli med i dette flotte koret!!

Rune Minde

## Austrheim sokn

### Gravferd

- 28.11 Oddvar Krossøy f. 1929
- 06.12 Kathrine Strand f. 1928
- 06.12 Vidar Lervaag f.1966
- 07.12 Lisbeth Foss f. 1961
- 12.01 Sølvi Magnussen f.1966 (bisetjing)
- 19.01 Tore Håland f. 1951 (bisetjing)
- 26.01 Odd Monslaup f.1947 (bisetjing)

### Dåp

21.januar:

Louise Nag Mosland  
Ellinor Haugland Røslund



## ÅRSMØTE

**Pensjonistforbundet Austrheim  
har årsmøte torsdag  
15. februar 2024  
klokka 12 i Kilstraumen**

Vanlege årsmøtesaker  
Framlegg til årsmøtet må  
sendast til  
olav.mong@gmail.com  
Kari og Elisabeth spelar  
Snittar, kaffi og åresal  
Påmelding til Inger 99371995,  
betal 200,- kr kontant på årsmøtet  
eller på Vipps nr. 850233

**VEL MØTT!**

## ÅRÅS BEDEHUS

**Søndag 4. feb Bibeltime v/Audun Hjellvik Kl 19:00**

**Søndag 25. feb Bibeltime v/Audun Hjellvik Kl 11:00**

**Søndag 3. mars Formiddagsmøte 11:00 Vegard Hetlebakke talar.**

**Søndag 17. mars Formiddagsmøte m/  
nattverd kl 11:00. Reidun Skurtveit talar.**

**Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30**

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



# Samba og Mosebøkene

«Samba» leier misjonen sitt arbeid med å omsetja Bibelen til fulani. Som ung gjetargut leika Samba saman med norske misjonær barn i ein landsby i Mopti-regionen i Mali. Gjennom misjonærfamiliane som budde i landsbyen lærte han å lesa og skriva, sjølv om han aldri fekk gå på skule. I misjonærfamiliane opplevde han også ein annan måte å leva saman på enn det han var vand med. Samba vart open for å læra om kristen tru, og valde som ung mann sjølv å følgja Jesus sin veg.

NMS-misjonær Anne Lise Matre har vore bibelomsetjar til maasina-fulani i ei årrekke. Ho vart kjend med Samba i 2013, då han var med i ei gruppe som skulle kvalitetssikra utkast til bibeltekstar på fulani. Anne Lise oppdaga raskt at Samba var ein uvanleg intelligent og flink ung mann, som ho gjerne ville ha med vidare. Sidan den gong har misjonen hjulpet Samba med skulegang, hebraiskstudiar og annan kompetanseheving. I 2021 gav Anne Lise over ansvaret med å leia bibelomsetjingsarbeidet til Samba. I dag utgjer Samba og Anne Lise saman med Catherine Crawford frå England, Mary Crickmore frå USA og Siise frå Mali, teamet som jobbar med å omsetja Bibelen til maasina-dialekten av språket fulani.

Det Nye Testamentet var ferdig omsett til maasina-dialekten av fulani i 2005. Sidan den gong har enkeltbøker i Det Gamle Testamentet også vorte omsett, blant anna ved hjelp av tidlegare NMS-misjonær Ketil Vestbøstad. I år nådde omsetjingsarbeidet eit viktig delmål, då alle Mosebøkene var ferdig omsett, gamle versjonar av 1. og 2. Mosebok revidert, og alle dei fem Mosebøkene vart trykte samla som éi bok med latinsk skrift. I skrivande stund heldt omsetjings-teamet på med å gjera Mosebøkene klare for også å verta trykte med arabisk skrift, noko som gjer dei tilgjengeleg for folk som ikkje har gått på vestleg skule men har studert Koranen.



Fulanier veit frå sin islamske bakgrunn at Gud gav Moses ei heilag bok som dei kallar for «Tawreeta Muusaa». Mange er nysgjerrige på kva som står i denne boka, og no kan dei lesa den på sitt eige språk. Mosebøkene, med si tale om frigjering, syndeoffer og påskelammet, er viktige for å gjeva ein bakgrunn for å forstå kven Jesus Kristus er. Jesus sa: «Hadde de trudd Moses hadde de òg trudd meg, for det er om meg han har skrivne.» (Johannes 5,46) Takka være Samba, Anne Lise Matre og dei andre bibelomsetjarane kan maliske fulanier no lesa Mosebøkene på sitt eige språk.

#### Takk for:

- Samba, Anne Lise Matre og dei andre bibelomsetjarane og arbeidet deira.
- At alle Mosebøkene no er ferdig omsett til maasina-fulani.

#### Be om:

- At Gud vil signa bruken av «Tawreeta Muusaa» i det evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeidet.
- For det vidare arbeid med å trykkja seks nye bøker frå Det Gamle Testamentet i 2024 (2. Kongebok, Josva, Dommarane, Daniel, Joel og Mika), samt for arbeidet med å omsetja ferdig fire andre bibelbøker i 2024 (2. Krønikebok, Esra, Nehemja og Amos).

## Nye tidspunkter våren 2024

Sokneråda på Austrheim og Fedje har begge kvar for seg gitt si tilslutning til at vi no gjer eit forsøk med ein del endringar på klokkesletta for gudstenestene. Det er klokkesletta for gudstenestene i Austrheim som vil vera gjenstand for dei største endringane.

# Vår 2024

## kl. 12.00 kl. 17.00



Grunnen til at vi gjer dette, er eit ønskje om ei betre fordeling mellom Austrheim og Fedje når det gjeld formiddags og ettermiddagsgudstenester. Slik det har vore dei siste åra, har Fedje hatt flest ettermiddagsgudstenester og Austrheim flest formiddagsgudstenester.

Austrheim og Fedje deler på den same presten og etterkvart også den same organisten. Dermed er det både praktisk og rasjonelt at dei legg gudstenestene til samme søndagen og har to gudstenester samme dagen. Dette skjer i stor utstrekning allereie. Det har likevel vist seg som ønskjeleg at tidsavstanden mellom gudstenestene desse søndagane, bør kortast ned. Dette vil gjera arbeidssituasjonen for prest og organist betre.

Det vil framleis vera eigne klokkeslett på gudstenester 17.mai, julafta, konfirmasjonane og likande, akkurat som no.

Nye faste klokkeslett for ordinære gudstenester framover er som følgjer:

- **Austrheim: Formiddagsgudstenester kl 12.00. Ettermiddagsgudstenester: kl 17.00**
- **Fedje: Formiddagsgudstenester: kl 12.30. Ettermiddagsgudstenester: kl 16.30 (som no).**

## Takkeannonser

### Takke

til diakoninemnda for hjartesjokoladen eg fekk. Takk også til saniteten for fin julestjerne som Bjørg og Ann Kristin kom med.

**Helsing Jan Nordbøe.**

### Tusen Takke

til diakoninemnda for gåva eg fekk til 80-årsdagen min. Takk til Arne Bertelsen som kom med den.

**Venleg helsing Harry Larsen.**

### Hjarteleg Takke

for oppmerksomheten på min 80-årsdag

**Beste helsing  
Jorunn Magnussen Fønnes**

### Takke

til diakoninemnda for hjartesjokoladen eg fekk og takk til Svanhild Neteland som kom på besøk til meg.

**Helsing Ingve Lervåg**

### Takke

til diakoninemnda for sjokoladen eg fekk på dagen min. Og takk til Anny som kom med den.

**Anna Mongstad**

### Tusen Takke

til diakoninemnda for helsinga eg fekk på 88-års dagen min.

**Helsing Idar Kaland**

### Tusen Takke

til Kyrkjeprydning for gåva på 25000 kr.Vi sit stor pris på arbeidet som vert gjort.

**Soknerådet**

### Takke

for all medkjendsle ,blomsterhelsingar, og deltaking ved min kjære mann, og vår far, Vidar Lervaag sin bortgang.

Tusen takk for minnegave til Kreftforeningen, og for god hjelp fra Heimesjukepleien den siste tiden.

Vil og få takke Vatne Begravelsebyrå for god hjelp,og en fin seremoni.

**Helsing Anita m/ fam**



## ÅRSMØTE LINDÅSNESET SANITETSLAG

Det blir årsmøte på sanitetshuset i Lindåsneset Sanitetslag onsdag 21.2.24 kl. 18.

Vanlege årsmøtesaker. Saker de vil ta opp på møtet må vera styret i hende innan 14.2.24.

Mat og kaffi.

Vel møtt.

**Helsing styret**



## ÅRÅS Sanitetsforening

Årsmøte i Kilstraumen 28.02.2024  
kl. 19.00

Årsmøtesaker - Val  
Saker til Årsmøtet må sendast innan 14. februar

Etter årsmøtet vert det medlemsmøte og servering av mat

Leiar Johanna Kollsete Lerøy  
Tlf 91181071



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15  
 Onsdag 14-19  
 Fredag 10-15

## FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.

Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Den nye filialen har fokus på barnebøker.

Me ønskjer velkommen til opning av det nye biblioteket torsdag 1. februar kl. 10.00.

*Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (odd-etalsveker) 10-16.00.»*

*Følg oss gjerne på facebook*

### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel  
 Tlf: 40 90 02 16  
 Sætre marka 2 -k-hus  
 Tysdag ,Torsdag og Fredag

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson  
 Tlf: 96 62 66 56  
 Sætre marka 2 -K-Hus  
 Tysdag , Onsdag og Torsdag

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgnet.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30- 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING  
 MÅNDAGAR!**

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
 56 16 21 38

Høyrskontakt i Austrheim 56 16 21 23



# Gudsteneste for alle



Siste gudsteneste for alle var det Leif Arne og Jostein som hadde.

Ei fin gudsteneste der Jan Roald og Kristin var Josef og Maria. Der var også englar, gjetarar og vise menn.

Til sist kos under galleriet med lussekatter, bollar, peparkaker og clementiner.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto

[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)



NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ



Marit K. Haukeland



Marita Haukeland



Sølvi H. K. Mjos



Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



Det er ein flott tradisjon med lysmesse som start på adventstida. Konfirmantane laga til ei

god og stemningsfull gudsteneste med masse julesongar, bibelvers, bønner og masse levande lys.

## LYS VÅKEN

Sjølv om det var meldt ganske dårleg vær, så vart likevel det gjennomført Lys vaken i Austrheim kyrkje laurdag 20. januar til søndag 21.januar. Ein god gjeng med gitar og jenter kom for å oppleve noko spesielt. Dei skulle få overnatte i kyrkja. Først var det samling i kyrkja saman med Amelie Knieriem Storebø, Jostein Hauge og Stein Hugo Fykse. Her fekk dei bli kjent med kyrkja, sunge saman og delt opp i grupper som skulle øve inn dramastykke, dans og bønner til gudstenesta søndag. Dei fekk og besøk av eine dåpsbarnet som skulle døypast dagen etter. Her fekk dei ein god samtale med pappa Eivind, dåpsbarnet Louise og presten vår Stein

Hugo. Etterkvart tok Amelie gjengen med bort på kyrkjelydhuset der fleire frivillige hadde laga til taco og forskjellige aktivitetar som borna skulle få kose seg med. Dei fekk kvite t-skjorter som dei pynta med tekstiltusjar. Dei fekk alle sjå på gudstenesta. Då det begynte å nærme seg leggetid, gjekk alle bort i kyrkja for å overnatte. Neste morgon hadde Kjerringrokken ordna med frukost. Borna deltok så på gudstenesta med alt dei hadde øvd inn dagen før. Det vart ei flott lys våken gudsteneste med to dåpsbarn. Takk til Amelie som gjorde dette arrangementet så kjekt, og til alle borna som deltok.